



Maria Malmsten dirigerer for tida to kor i Kvinnherad og søndag kan kvinnehringane høyre både Rosendal Songlag og Røysterett for alle i Rosendal. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Utrettelege og inspirerende Maria Malmsten dirigerer for tida både Rosendal Songlag og Røysterett for alle og søndag kveld er ho i full aksjon som dobbelt-dirigent då dei to kora stillar opp saman i Rosendal Samfunnshus. Då kjem dei sikkert til å visa at slik samsong er befruktande for begge. Rosendal-koret står som arrangør.

Det er grunn til å venta ein nyårskonsert med stort musikalsk mangfald – frå renessansetonar og julesongar til folketonar og Beatles. Kora skal også syngja to songar saman.

To pianistar kjem til å markere seg spesielt, Gro Skeie saman med Rosendal-koret og Frode Kaldestad saman med Uskedalskoret. Også fløytepelaren Kristine Bjørøy Hestad skal vera med og kormedlemmer les tekstar av Per Indrehus mellom numra av denne songskrivaren.

Kora vil visa at dei enno ikkje er heilt ferdig med jula og dei kjem også med ein forsmak på Maria-musikken, som Maria Malmsten er sterkt oppteken av. Dei to kora skal framføra heile verket med sine 12 satsar saman mot slutten av dette året.

Og neste helg blir det seminar på Bømlo for Røysterett for alle

Av Ola Matti Mathisen